



DEN NORSKE KYRKJA

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I SUNNFJORD KOMMUNE (FORSKRIFT)

Jf. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) § 21 (1)

Vedteke av Sunnfjord kyrkjelege fellesnemnd **02.10.2019 sak 28/19.**

Godkjent av Bjørgvin bispedømeråd 11.11.2019.

I kraft frå 01.01.2020

§ 1. FORVALTNING

Gravplassane i Sunnfjord kommune er underlagt Sunnfjord kyrkjelege fellesråd sitt administrasjons- og myndigheitsområde.

§ 2. DEFINISJONAR

Fri grav: Grav som ein ikkje betalar festeavgift for i fredingstida.

Festa grav: Grav som det vert betalt festeavgift for.

Festa gravstad: Inntil tre graver som vert festa saman.

Urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravferdsforskrifta § 14. Dette gjeld ikkje i *minnelund med namn*, der ei urnegrav har plass til éi urne.

Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også settast ned urner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk att til ny gravlegging.

Festetid: Tida det er avtalt å feste ei grav for.

Festar: Den som står som part i ein festeavtale.

Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.

Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

Minnelund med namn: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.



§ 3. GRAVPLASSTILHØYRSLE

Avdøde personar i kommunen skal som hovudregel gravleggjast på den gravplassen dei soknar til, men dei som ønskjer det, kan gravleggjast på ein av dei andre gravplassane i kommunen. Dei har rett til fri grav i fredingstida.

Personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, har same rettar som kommunen sine egne innbyggjarar.

Avdøde personar frå andre kommunar kan gravleggjast i kommunen mot at kostnadane ved gravferda og festeavgift vert betalt.

§ 4. FREDINGSTID OG FESTETID

Fredingstid for urnegraver er 20 år.

Fredingstid for kistegraver er 20 år, med følgjande unntak:

Vevring kyrkjegard: fredingstid 60 år.

Vassenden gravplass: fredingstid 40 år.

Blomreina gravplass felt C og D: fredingstid 30 år.

Festeperioden er 10 år.

§ 5. FESTE AV GRAV

Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste (reservere) ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå kyrkjeleg fellesråd ei ekstra grav i tillegg, når det er bruk for det. Desse gravene er då ein gravstad.

Når festetida er ute, har ein høve til å feste ei grav/ein gravstad for nye 10 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykke frå fellesrådet.

I god tid før festetida er ute skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Festar pliktar å melde adresseendring til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd.



§ 6. GRAV OG GRAVMINNE

Når grav vert opna, kan jord leggjast på gravene omkring og gravminne kan mellombels flyttast. Gravplasztilsette syter for at gravene vert sette i stand att og at den nye grava vert planert og tilsådd etter gravlegging.

Montering av gravminnet kan først skje etter at kyrkjeleg fellesråd har godkjent gravminne og merka kor det skal stå.

Gravminne kan ikkje setjast opp tidligare enn 4 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida vert det sett opp eit merke med namnet til den avdøde.

Gravminne på urnegrav kan bli sett opp med ein gong etter urnenedsetting.

På ny festa gravstad set ein opp gravminnet i bakkant av den grava som er teken i bruk og gravminnet vert ståande der.

§ 7. PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast noko som vert høgare enn gravminnet eller vil gå ut over plantefeltet.

Det er ikkje høve til å plassere faste dekorgjenstandar, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter med vidare i plantefeltet.

Det er høve til å tenne stearinlys på grava, men slike og andre lause ting skal fjernast etter bruk.

På grunn av brannfare er det i tørkeperiodar ikkje høve til å ha levande lys på gravene. Batterilykter kan eventuelt nyttast.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ei delt gravramme som fluktar med terrenget omkring.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.



§ 8. PLANTEMATERIALE

Alt av planter, kransar og anna materiale som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav, og som endar som avfall, skal kunne komposterast.

§ 9. STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar, har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt, skal såast til av den gravplasstilsette.

§ 10. MINNELUND MED NAMN

Ved gravlegging i minnelund med namn skal namn og data til avdøde førast på ei namneplate på felles minnesmerke.

Graver i minnelund med namn kan festast på lik linje med andre graver på gravplassen.

I minnelund med namn kan det ikkje festast ei grav ved sida av, og det er heller ikkje høve til å reservere plass til ei ekstra namneplate.

Ved gravlegging i minnelund med namn må kostnader til namneplate og del av minnesmerke, planting og stell betalast særskilt for.

Dei tilsette på gravplassen har ansvar for planting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav. Men det kan leggest ned blomar og tennast gravlys, så lenge dette er i samsvar med reglar om brannvern og på tilvist stad.



DEN NORSKE KYRKJA

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

§ 11. NÆRINGSVERKSEMD

Kyrkjeleg fellesråd kan syte for årleg planting på grav mot forskotsbetaling. Det skal då signerast ei avtale om dette og midlane vert forvalta av kyrkjeleg fellesråd. Den innbetalte summen, skal dekkje utgiftene til planting og stell av gravstaden.

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen, skal søkje løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne, samt planting og stell av graver. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld.

Kyrkjeleg fellesråd kan ta på seg arbeid som montering og oppretting av gravminne mot fastsett betaling.

§ 12. ARBEID PÅ GRAVPLASSANE

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje med ekstra aktsemd.

§ 13. OVERGANGSREGLAR

Fredingstidene som er fastsett i § 4 gjeld også for graver som er tekne i bruk før 01.01.2020.

Tidlegare innbetalt festeavgift for graver som etter dei nye vedtektene er frigraver, vert ikkje refundert eller godskrive.